

## Sak 25-21 Dagleg leiar sin rapport

Tilråding til vedtak

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering


### Saksutgreiing

Administrasjonen hadde slike presentasjonar i møtet:

- Ettersorteringsanlegg Melsgjerdet v kommunikasjonsansvarleg Ina Osdal Saure
- Papirpose kontra plastposar til matavfall v kommunikasjonsansvarleg Ina Osdal Saure
- Presentasjon av RBM 2021. v kommunikasjonsansvarleg Ina Osdal Saure
- Digitalisering med Rfid brikker på behaldarane og sann tid rapportering til kundane.  
V. Driftsleiar Anne Mette Farstad

Dagleg leiar orienterte om:

- Innsamla mengder pr mai 2021
- Leverte mengder miljøstasjonen pr. mai 2021
- Covid-19
- Kommunikasjonsarbeid
- Raud boks innsamling
- Bygderydding 2021
- Slamtøming 2021
- ISO 9001
- Kvalitetsavvik emballasje glas og metall og papir/ papp
- Samarbeid Årim, RIR, SSR og VØR
- Nytt frå tilsynsmynde / EU
- Status utbygging på Melsgjerdet
- Status til søknaden om Løyve til å etablere Biogassanlegg.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

**Sak 25-21    Dagleg Leiar sin rapport - konsekvensar av endra Løyve frå statsforvaltaren. Jfr. Strekpunkt 12 i dagleg leiar sin rapport.**

Tilråding til vedtak

Styret tar notatet til orientering. Beløpet det er tale om, vert å innarbeide i neste års investeringsbudsjett.

**Saksutgreiing**

Vi er no godt igang med byggeprosjektet på Melsgjerdet 3, og dagleg leiar oppfattar det som krevjande å styre innan vedtekne rammer.

A.Det vi sjølve har styring og kontroll på, går greitt.

Vi har gjort slike tilleggskjøp som vert oppfatta som naudsynte.

1. HWC med tilgang frå urein sone, og utviding av eine garderoben med plass til 10 skap-plassar i rein og urein sone. Dette kom som krav frå dei tilsette, når dei fekk sjå teikningane av anlegget. I totalentrepriseunderlaget er alt tekst, og då er det ikkje like lett å sjå kva behov ein treng. Eg støttar dei tilsette i sin vurdering, at der bør vere eit HWC for eksterne sjåførar og eigne tilsette som jobbar på anlegget, med tilgang til toalett frå urein sone. I TE grunnlaget har alle toalett tilgang frå rein sone (kontoret)  
Sum kr 530.000,-
2. For å unngå ureining frå nabotomt som kom i grunnen ein dag med mykje snøsmelting og nedbør kjøpte vi oppbygging av tersklar i veggrøft for å unngå ureining i elv. Kr. 9.277,-
3. Vi leigde tung sikring langs anleggsveg, for å unngå nedfall frå overliggande anleggsveg, utrasing i vegskuldra og liknande på TE sitt mannskap og utstyr. Kr 30.000,-  
I samband med diskusjon om ein midlertidig anleggsveg var plassert på korrekt side av grensa, kjøpte vi oppmålingstenester med Ose, for å verifisere dette til kr 10.000,-  
Anleggsveg vart deretter flytta bort frå vår eigedom, som skapte ein langt betre SHA situasjon.
4. Hyttepunktet var med overlegg tillaga med renovasjon utan løysing, fordi vi våren 2020 ikkje hadde klarlagt innhaldet på stasjonen. Etter at MD no har stilt krav om full kjeldesortering frå fritidshus, har vi landa på løysing.. På grunn av tidsaspektet, har vi bedt om at TE kjøper materiellet. Ramme kr 500.000,-
5. Byggherreombod og uavhengig kontroll får som følgje av alt dette, auka kostnader på kr 275.000,-. I dette og støtte til vår tilsett med ansvar for SHA. ( treng fagleg støtte, då det er første oppdraget vedkomande har med SHA)
6. Bestilling av trekkerør til evt. Framtidig storbil elbillading kr 20.000,-

- B. Utfordringa ligg på konsekvensane av utanfor oss liggande etatar sine vedtak og prioriteringar. Mest på Statsforvaltar sin endring av føresetnader etter at kontrakt var inngått. Det har vi ikkje styring med, men sit med rekninga for.
1. Byggestraum: På grunn av utfordringar med grunnspørsmål og at vårt straumbehov ikkje var avklara før prosjekteringa var klar før i april, fekk ikkje Mørenett på plass trafo til industriområdet. Vi leiger derfor aggregat med Ramirent fram til trafo er på plass. Straum frå nett er venteleg på plass i månadskiftet juni / juli. Ved utgangen av april hadde det kapitalisert seg til kr 133.000,-
  2. Konsekvensar av Statsforvaltaren sitt vedtak om Løyve og endra Løyve. Dette har Aurstad Tunell AS og vårt byggherreombod Ose AS, prisa til 12,5 mill kr. Den store posten er opparbeiding av infiltrasjonsanlegget. Her er ikkje alle detaljar på plass enno, så dette må sjåast på som førebels budsjettpris. Både Aurstad og vi håper det kan reduserast.
  3. I samband med prosjektering og Løyvesøknad og Statsforvaltar sin sakshandsaming, har vi fått forlenga byggetid på 28 arbeidsdagar og dermed førebels auka kostnad med kr. 154.583,-

Oppsummert: Byggherreombod Jonas Reitan hos Ose AS, har summert endringane til kr 14.125.000,- pluss mva. Og då er ikkje alt med, slik eg viser til i saksutgreiinga over.

Disse opplysningane kom fredag kveld , og på bakgrunn av det sende eg ein forespurnad til Dammerud Kompetanse AS, som handterer innkjøpsjuridiske spørsmål for oss.

Svaret kom på mail 7/6-21 og går i korte trekk ut på at utvidinga av kontrakt som følgje av Statsforvaltar sitt vedtak, er noko som ikkje gjeld kjøp av ekstra funksjon og dermed tillegg. Uansett entreprenør hadde dette kravet kome.

Funksjonen til kjøpet er å bygge ein omlastingsstasjon og ta den i bruk når den er ferdig bygt. Den funksjonen er uendra, sjølv om statsforvaltar har lagt inn endra krav i Løyve.

Min tilråding er derfor å ta notatet til orientering, og så må vi ta sluttfinansieringa inn i neste års budsjett.

Petter Bjørdal



Dagleg leiar

Vedlegg:

Mail frå Dammerud Kompetanse av 7 juni 2021 kl. 12.54.

Overslag frå Ose AS og Aurstad Tunell AS 4 juni 2021.

**Frå:** Tore Dammerud <tore@dammerudkompetanse.no>

**Send:** mandag 7. juni 2021 12:54

**Til:** Petter Bjørdal <petter@vor.no>

**Kopi:** Stine Gytri <stine@vor.no>; Jonas Reitan / OSE <jonas@oseing.no>

**Emne:** SV: VØR-MpM prosjektøkonomi 2021-06-04



SV\_VØR-MpM  
prosjektøkonomi 20

Hei. Viser til samtale angår dette i dag.

I utgangspunktet er gjennomføring av bygging på Melsgjerdet kunngjort som ein open anskaffing etter del III i regelverket, dvs. den høgaste verdien (bygg- og anleggsanskaffing over 50 mill).

Alle som hadde interesse i å bygge anlegget hadde såleis høve til å gje inn tilbod. Dette tilseier at ein som oppdragsgjevar har ivareteke kunngjeringsplikt på heile tiltaket.

Når ein skal vurdere om ein anskaffing går ut over kunngjort kontrakt, må ein vurdere om det er nye ting/tiltak som er lagt til for å få ein meirfunksjon.

Slik eg vurderer dette, er tiltaka som følgje av endring i Løyve, naudsynte for å gjennomføre prosjektet. Desse hadde kome til uavhengig av kven som hadde fått tildelt oppdraget.

Denne delen (12,5 mill) er slik eg vurderer dette, ikkje å sjå som ei utviding av prosjektet, men ei pålagd endring som er naudsynt for å komme vidare.

Hytterenasjonen ein del av det kunngjorte arbeidet. Her vel ein ei utforming som har meirkostnader, men meiner eg likevel vil kunne være å sjå som ein del av eksisterande/kunngjorte tiltaket, og såleis ikkje krev gjennomføring av ei eiga anskaffing.

Det var her to tilbydarar. Den parten som ikkje vart tildelt kontrakt, har legal klageadgang dersom ein tilfører prosjektet «meirkjøp» etter inngåtte kontrakt, som ville medført at det var Rise Bygg som skulle hatt arbeidet, og ikkje Aurstad Tunell. Dette er slik eg forstår saka, ikkje tilfelle her.

Ut frå mi vurdering har difor VØR høve til å gjere desse naudsynte endringane innanfor rammene av regelverket og den kunngjorte anskaffinga.

Med beste helsing

Tore Dammerud



**Dammerud Kompetanse AS**

- **anskaffelse gjort enkelt.** Telefon 913 59 670, Epost: [tore@dammerudkompetanse.no](mailto:tore@dammerudkompetanse.no)  
Kjerringhaugane 6, 6065 Ulsteinvik, Org.nr:915456588 MVA

**Frå:** Tore Dammerud <tore@dammerudkompetanse.no>

**Send:** mandag 7. juni 2021 12:54

**Til:** Petter Bjørdal <petter@vor.no>

**Kopi:** Stine Gytri <stine@vor.no>; Jonas Reitan / OSE <jonas@oseing.no>

**Emne:** SV: VØR-MpM prosjektøkonomi 2021-06-04



SV\_ VØR-MpM  
prosjektøkonomi 20

Hei. Viser til samtale angår dette i dag.

I utgangspunktet er gjennomføring av bygging på Melsgjerdet kunngjort som ein open anskaffing etter del III i regelverket, dvs. den høgaste verdien (bygg- og anleggsanskaffing over 50 mill).

Alle som hadde interesse i å bygge anlegget hadde såleis høve til å gje inn tilbod. Dette tilseier at ein som oppdragsgjevar har ivareteke kunngjeringsplikt på heile tiltaket.

Når ein skal vurdere om ein anskaffing går ut over kunngjort kontrakt, må ein vurdere om det er nye ting/tiltak som er lagt til for å få ein meirfunksjon.

Slik eg vurderer dette, er tiltaka som følgje av endring i Løyve, naudsynte for å gjennomføre prosjektet. Desse hadde kome til uavhengig av kven som hadde fått tildelt oppdraget.

Denne delen (12,5 mill) er slik eg vurderer dette, ikkje å sjå som ei utviding av prosjektet, men ei pålagd endring som er naudsynt for å komme vidare.

Hytterenovasjonen ein del av det kunngjorte arbeidet. Her vel ein ei utforming som har meirkostnader, men meiner eg likevel vil kunne være å sjå som ein del av eksisterande/kunngjorte tiltaket, og såleis ikkje krev gjennomføring av ei eiga anskaffing.

Det var her to tilbydarar. Den parten som ikkje vart tildelt kontrakt, har legal klageadgang dersom ein tilfører prosjektet «meirkjøp» etter inngåtte kontrakt, som ville medført at det var Rise Bygg som skulle hatt arbeidet, og ikkje Aurstad Tunell. Dette er slik eg forstår saka, ikkje tilfelle her.

Ut frå mi vurdering har difor VØR høve til å gjere desse naudsynte endringane innanfor rammene av regelverket og den kunngjorte anskaffinga.

Med beste helsing

Tore Dammerud



**Dammerud Kompetanse AS**

- **anskaffelse gjort enkelt.** Telefon 913 59 670, Epost: [tore@dammerudkompetanse.no](mailto:tore@dammerudkompetanse.no)  
Kjerringhaugane 6, 6065 Ulsteinvik, Org.nr:915456588 MVA

VØR-MpM VØR Miljøpark  
Melsgjerdet, fase A.  
Kontraktstatus

Status pr: 2021-06-04  
Alle beløp er  
utan MVA

Rapportutval

Post id	Post	Kontrakter faktisk & antatt	Endringer Faktisk	Endringer Antatt	Sum alle disposisjonar akk. pr no	Faktura attestert akk. 2021-mai
<b>0</b>	<b>VØR MpM fase A, byggefase</b>	<b>78 992 664</b>	<b>703 860</b>	<b>14 125 000</b>	<b>93 821 524</b>	<b>11 324 593</b>
01	Byggherrekostnader					
02	Byggherreombod	371 000	164 583	275 000	810 583	229 870
	02 Byggherreombod	371 000	0	0	371 000	229 870
	OSE-ETR01 Forlenga byggetid TE-kontrakt	0	154 583	0	154 583	0
	OSE-ETR02 støtte SHA	0	0	150 000	150 000	0
	OSE-ETR03 oppmåling ØK anleggsveg	0	10 000	0	10 000	0
	OSE-ETR04 Endring løyve og løysingar	0	0	75 000	75 000	0
	OSE-ETR05 Forlenga byggetid TE-endingar	0	0	50 000	50 000	0
03	Uavhengig kontroll	150 000	0	0	150 000	12 270
	03 UK	150 000	0	0	150 000	12 270
05	Totalentreprise	78 471 664	539 277	13 850 000	92 860 941	11 082 453
	05 Totalenreprise	78 471 664	0	0	78 471 664	11 082 453
	E01 ureining grunn AVVIST	0	0	0	0	0
	E02 Endring SF-løyve	0	0	12 500 000	12 500 000	0
	E02A riggjustering som følge av endring SF-løyve	0	0	1 250 000	1 250 000	0
	E03 Tilgang byggestraum	0	150 000	0	150 000	0
	E04 Automatopning av portar ved brann	0	-150 000	0	-150 000	0
	E05 Trekkerør el til storbil - I KONTRAKT	0	0	0	0	0
	E06 Bortkjøring av masser	0	0	100 000	100 000	0
	E07 Sediment-tersklar ØK-vatn bak brakkerigg	0	9 277	0	9 277	0
	E08 ekstra VC og dusj i skjeten sone	0	530 000	0	530 000	0

## Petter Bjørdal

**Frå:** Richard Øyre <richard@aurstad.no>  
**Send:** fredag 4. juni 2021 16:13  
**Til:** Petter Bjørdal  
**Kopi:** Jonas Reitan / OSE; Kristin Furnes Kobbevik  
**Emne:** VØR MpM - estimerte tilleggs kostnader pga endring løyve SF, KOE02

Hei,

Her kjem estimat av kostnader etter den info og oversikt TE har per i dag, som følgje av endring/endra løyve frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

TE tek atterhald om usikkerheit i kostnadane. Spesielt gjeld dette det som er beskrive som anslag, og infiltrasjonsanlegget. Supplerande info på førespurnad. Øvrige EO/KOE er ikkje medtekne i dette oppsettet.

Avviks-melding nr.:	Beskrivelse:	Dato varslet:	Entreprenørens krav
2	Endringsøknad til SFMR	19.02.2021	ikke spesifisert
2.1	ADM uke 5 (Vedlegg 1)	19.03.2021	kr 7 800,00
2.2	ADM uke 6 (Vedlegg 2)	19.03.2021	kr 18 900,00
2.3	ADM uke 7 (Vedlegg 3)	19.03.2021	kr 25 550,00
2.4	ADM uke 8 (Vedlegg 4)	19.03.2021	kr 22 100,00
2.5	ADM uke 9 (Vedlegg 5)	19.03.2021	kr 77 425,00
2.6	ADM uke 10 (Vedlegg 6)	19.03.2021	kr 93 700,00
2.7	ADM uke 11 (Vedlegg 14)	19.03.2021	kr 4 050,00
2.8	ADM uke 12 (Vedlegg 15)	18.05.2021	kr 10 900,00
2.9	ADM uke 14 (Vedlegg 16)	18.05.2021	kr 2 075,00
2.10	ADM uke 15 (Vedlegg 17)	18.05.2021	kr 2 900,00
2.11	ADM uke 16 (Vedlegg 18)	18.05.2021	kr 14 600,00
2.12	ADM uke 17 (Vedlegg 19)	18.05.2021	kr 4 800,00
2.13	ADM uke 18-22+rest, anslag		kr 100 000,00
2.14	Rigg og drift - Februar 21 (vedlegg 8)	19.03.2021	kr 134 035,00
2.15	Rigg og drift - Mars 21 (Vedlegg 21)	18.05.2021	kr 100 997,00
2.16	Rigg- og drift april+mai+rest, anslag		kr 400 000,00
2.17	Prosjektering februar 21 (Vedlegg 9)	18.05.2021	kr 40 656,00
2.18	Prosjektering mars (vedlegg 13)	18.05.2021	kr 102 536,00
2.19	Prosjektering april, mai+ rest, anslag		kr 400 000,00
2.20	Prøvegraving og hydrogeolog (Vedlegg 7)	18.05.2021	kr 10 150,00
2.21	Prøvegraving og hydrogeolog del 2 (Vedlegg 20)	18.05.2021	kr 8 300,00
2.22	Underspylingssystem, komplett	02.06.2021	kr 2 300 000,00
2.23	Infiltrasjonsanlegg		kr 8 600 000,00

	Estimat		kr 12 481 474,00
--	---------	--	------------------

Med helsing

**Richard S. Øyre**

Prosjektleder

Aurstad Tunnel AS

Org.nr. 885 349 552

Mob +47 46 94 45 45

Tel +47 70 04 71 50

Mail [richard@aurstad.no](mailto:richard@aurstad.no)

[aurstad.no](http://aurstad.no)

